



Frode Malm  
Dalane 3 B  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/685 - 19/25563

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
27.08.2019

## Pålegg klypp av hekk og buskvekster langs kommunal veg - Gbnr 108/225

Teknisk drift viser til vårt brev av 21.06.2019 der vi anmoder Dykk, som grunneigar, om å utføre klypp av hekk i langs kommunal veg. Dykkar hekk veks i siktsona til kommunalt vegkryss. I siktsoner til kommunale vegkryss, i svinger og i private avkjørsler skal hekk og anna vegetasjon ikkje være høgare 0,5 meter over kommunalt vegnivå (kjøreveg).

Teknisk drift gjer merksam på at det er den einskilde grunneigar som har ansvar for at hekk og anna vegetasjon på eigedom ikkje veks utover vegareal eller tek sikt og utgjer ei fare for dei som ferdast i offentleg veg.

### Vedtak om pålegg:

Teknisk drift pålegg Dykk, som grunneigar, om å få utført klypp av hekk og anna vegetasjon slik at dette ikkje tek sikt i kommunalt vegkryss. Maks høgde ein skal ha på vegetasjon i siktsoner er 0,5 meter over kommunalt vegnivå.

Teknisk drift sett no ei frist for utføring av klypp av vegetasjon.

Frist for utføring av klypp er sett til: **Onsdag 11 september 2019.**

Dersom arbeid ikkje er utført innan gitte frist, vil kommunen få utført arbeid for Dykkar rekning. Vi gjer merksam på at kommunen nyttar tungt maskinelt utstyr. Sluttresultat vert svært grovt. Resultatet vert betre om De som eigar får utført arbeidet sjølv. Dersom kommunen må utføre arbeid vil kvist og anna avfall verte lagt inn på eigedommen.

*Det er med heimel i Veglova med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til vegetasjon i siktsoner til offentlege vegkryss og innanfor regulert byggegrense mot veg. Byggegrense har som føremål å ta vare på dei krav ein måtte ha til vegsystemet. Vegetasjon som tek sikt i vegkryss, avkjørsler og i svinger utgjer ei fare for dei som ferdast i og langs offentleg veg. I tilfeller der vegetasjon utgjer ei fare, kan kommunen utføre arbeid utan ny varslings.*



Med helsing

Rune Kilen  
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vegdrift Lindås kommune

**Mottakarar:**

Frode Malm

Dalane 3 B

5955

LINDÅS